



Før oppstart i gruppe får alle pasientene individuelle samtaler for kartlegging og utgreiing.

Saman med terapeuten finn ein ut om gruppetilbodet er den rette behandlinga no.


Oppmøte

Du møter på Vaksenpsykiatrisk poliklinikk.. Det er i bygget som ligg nordaust for sjukehusblokkene (lengst til høgre på biletet nedanfor, merka med 12). Du går oppover forbi SPAR -butikken og tek til høgre.

Det er parkeringsplass med betalingsautomat utanfor bygget. Du kan også parkere på betalingsparkering ved sjukehuset.

Alle bussar, også Timeekspressen, går innom busslomma ved sjukehuset.

Du får dekt reise etter nærmare fastsette satsar. Dersom du treng annan transport, ta kontakt med kursansvarleg.



Billedterapi- gruppe



Gruppebehandlingsteamet
Vaksenpsykiatrisk poliklinikk
Ålesund

Målsetting:

Å få hjelp til å formidle tankar og kjensler gjennom å lage bilete og andre kreative uttrykksformer, og å bearbeide desse. Redusere symptom og opne opp for personleg vekst og utvikling.

Bileta kan hjelpe ein til å nærme seg det som er vanskeleg å snakke om. Den kreative prosessen er heilande, styrker motet, gir glede og håp.

Tilnærming og metode:

Deltakarane kan uttrykke seg gjennom teikning, maling, leire, gips, plastelina, papir, collage, tekstilar og ord.

Billedterapi er basert på kunnskapen om at eitkvart menneske, uavhengig av om det kan å teikne, har ei latent evne til å la indre tankar, kjensler og eventuelle konflikter få eit visuelt uttrykk.

Billedterapi handlar om relasjonen mellom kunstuttrykk, pasient, terapeut og gruppa.

Rammer:

Gruppesamlingar kvar onsdag
Kl.12.15 – 14.00
(90 minutt + 15 minutt pause).

Max 8 deltakarar og to terapeutar.

Ikkje tidsavgrensa, åpen for nye medlemmer undervegs. Evaluering kvart halvår.



Praktisk informasjon:

Målgruppe:

Personar som slit med å sette ord på vanskelege tankar og kjensler etter omsorgssvikt, kriser, traumer/ overgrep (individuell tilnærming bør vere prøvd først) og mobbing. Personar med langvarig angst og depressive lidningar og personlegdomsforstyringar.

Tilvising:

Du må ha tilvising frå lege for å delta i gruppebehandlinga. Fastlegen kan tilvise deg til behandling i spesialhelsetenesta.

Eigendel:

Du betaler ein eigendel/ frikort som ved eit anna poliklinisk besøk. Dersom du treng sjukmelding, kontakt fastlegen din.

